



Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 29.06.2015
Vår ref.: 2015/540-8
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 14/2035 - 15/19864

Forholdet til marine kulturminne - 2. gongs avgrensa offentleg ettersyn av framlegg til kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011 - 2023

Viser til brev datert 21.05.2015 med forslag til kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden lagt til offentleg ettersyn, og til vår fråsegn til planen datert 23.06.2015.

Saka har vore sendt til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Ved feil vart ikkje museets fråsegn inkludert i vårt brev datert 23.06.2015. Bergens Sjøfartsmuseum sitt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar difor sjø- og strandområda, samt vatn og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til kulturminnelova marinarkeologisk uttalemuseum i samband med alle tiltak som råkar sjøbotnen.

Museet er vidare rette mynde til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne råka kulturminne under vatn, og skal difor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Bergens Sjøfartsmuseum minner om at undersøkingsplikta, jf. kulturminnelova § 9, også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er § 14 i kulturminnelova, som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Museet kan nemne at planområdet ligg i tilknytning til den eldre farleia og fleire stader merkjer seg ut som gode hamner og ankringsstader. I samband med eldre ankringsstader finn ein gjerne marine kulturminne og maritime kulturmiljø.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.